

# ÅRSMØTE I ØYSTESE IDRETTSLAG 20. MARS 2014

Protokoll frå årsmøte i Øystese idrettslag halde i Holmatun torsdag 20.03.2014 kl. 2000

## **Sak 1. Godkjenning av dei med stemmerett**

Det var tilstades 12 personar med stemmerett ved starten av årsmøte.

## **Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **Sak 3. Val av møteleiar, referent samt 2 representantar til å underskrive årsmøteprotokoll**

### **Vedtak etter forslag på årsmøte:**

Som møteleiar vart                    Vidar Torsvik                    einstemmig valt.

Som referent vart                    Rune Vik                    einstemmig valt.

Som underskrivar av protokoll vart følgjande                    einstemmig valt:

\* Frank Kjøsnes

\* Liv Helen Osa

## **Sak 4. Handsaming av ØIL-årsmelding for 2013**

Årsmelding vart gjennomgått av skrivar Rune Vik.

### **Vedtak:**

Årsmelding ØIL 2013 vart einstemmig godkjend med følgjande retting:

Ingmar Sægrov sitt tilsettingstilhøve i Hardanger talentutvikling varte til 31.06.2013.

## **Sak 5. Handsaming av ØIL-rekneskap for 2013 og budsjett for 2014**

Gjennomgang av resultatrekneskap, balanserekneskap og budsjett ved kasserar Trude Torvund. Rekneskapet er revidert og funne i orden, datert og signert av revisor Signe K. Kvamsøy 14.03.2014.

### **Vedtak:**

Rekneskap ØIL 2013 og budsjett for 2014 vart einstemmig godkjend utan merknad.

## Sak 6. Handsaming av innkomne forslag og saker

### Sak 6.1: Fullmakter i Øystese idrettslag for 2014 fram til neste årsmøte

#### Utsnitt frå gjeldande vedtekter til ØIL

##### **§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett m.v.**

(3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.

(7) Disposisjonar av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik og verksemd, også låneopptak, skal vedtakast av årsmøtet. Årsmøtet bør vedta eit særskilt fullmaktsreglement knytt til slike disposisjonar.

##### **§ 19 Grupper/avdelingar/komitear**

(3) Heile idrettslaget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtaler eller representere idrettslaget utetter utan godkjenning frå styret, jf. § 18.

Styret sin vurdering:

Med bakgrunn i ansvaret som ligg til "heile idrettslaget" rår styret til at det er kun leiar i ØIL-hovudstyret som skal inneha signaturrett og prokura.

#### **Forslag til vedtak:**

ØIL-styret sitt forslag til vedtak: Som årsmøtevedtak.

#### **Vedtak:**

Einstemmig vedtak:

Årsmøte gjev følgjande fullmakter for 2014:

- (1) Signaturrett (dvs. fullmakt til å opptre på vegne av idrettslaget i alle saker) vert delegert til leiar i ØIL, dvs. person valt på årsmøte 20.03.2014.
- (2) Prokura (dvs. fullmakt til å opptre på vegne av idrettslaget i alt som gjeld drifta av laget, med unntak frå overdraging eller pantsetjing av blant anna fast eigedom tilhøyrande laget) vert delegert til leiar i ØIL, dvs. person valt på årsmøte 20.03.2014.

- (3) Disponering av ØIL-bankkonti.

Hovudregel: Skal disponerast av to personar i fellesskap.

Bankkontoar for hovudlag:

Driftskonto: 5277.06.20112 (DnB)

Særvilkår: 5279.09.50402 (DnB)

Leiar og kasserar i ØIL vert gjeve disposisjonsrett i fellesskap, dvs. personar i verv valt på årsmøte 20.03.2014.

Bankkontoar for fotballgruppa:

Driftskonto: 3530.22.64137 (Spv)

Driftskonto (FFO): 3530.24.81707 (SpV)

Skattetrekkskonto (FFO): 3530.26.77377 (SpV)

Treningsavgift: 5081.06.80323 (DnB)

Styret i fotballgruppa for 2014 må sjølv avgjerde kven som skal ha disposisjonsrett for dei ulike kontoane. MERK !!! Kontoar skal disponerast av to personar i fellesskap. Kontodisponentar i fotballgruppa skal meldast styreleiar i ØIL.

Vekstra Hardanger og Voss AS som rekneskapsførar for ØIL skal ha disposisjonsrett til alle kontoane.

### **Sak 6.2: Fordeling grasrotandel frå Norsk tipping**

Grasrotandel frå Norsk tipping tilfell idrettslaget/hovudlaget. Hovudprinsippet som har vore lagt til grunn er at midlane vert fordelt i forhold til gruppene sitt aktivitetsnivå.

Etter årsmøtevedtak i 2012 har fotballgruppa fått overført 75 % av ØIL-grasrotandel:

- 75 % av 2011-grasrotmidlar
- 75 % av 2012-grasrotmidlar

Hovudstyret overfører dessutan kvart år midlar til fotballgruppa etter søknad og etter behov. Denne praksisen er mogeleggjort dels gjennom innkomne grasrotmidlar hovudlaget disponerer.

Årsresultat 2013 for Øystese idrettslag (hovudlaget) viser eit underskot på kr 117 931. Ei hovudforklaring ligg til avvikling av Hardanger utvikling AS. I tillegg dekker ØIL frå 2013, leige av lokale for fotballFO/TelenorXtra med kr. 50 000 pr år. Viser elles til årsmelding og rekneskap for 2013.

ØIL-styret for 2014 må balansere overføringane til fotballen slik at hovudlaget sin likviditet ikkje vert ytterlegare svekka. Eit alternativ kan vere å reduserer overføringa av grasrotandelen til fotballen.

Styret rår derfor til at %-del grasrotmidlar som går til fotballen vert redusert til 70 %.

#### **Vedtak:**

Einstemmig justert årsmøtevedtak:

70 % av grasrotmidlane av 2013-grasrotandelen skal gå til ØIL-fotball i 2014.

### **Sak 6.3: Etablering av idrettsskuletilbod (SFO) for born frå 1.-4. klasse.**

Hallgeir Botnen har på epost 6. mars 2014 meldt inn følgjande sak (sitat):

*Det har vore meg fortald att ein del foreldre til komande fyrsteklassingar har etterspurd SFO i regi av fotballen. På bakgrunn av dette ynskjer eg å melde fylgjende forslag inn for årsmøtet til ØIL:*

*- Foreslår att Øystese idrettslag jobbar aktivt for reetablering av idrettsskule (SFO) tilsvarende den som vart drive av Hardanger talentutvikling tidlegare. Fokus må vere allsidig idrett og satsningsgruppa bør vere 1.-4 klasse. Denne aktiviteten meiner eg er mest rett att ØIL hovedlag står ansvarleg for. Og gjennomføringa bør skje i samarbeid med fotballgruppa sin FFO.*

*Ulf*

I epost 20.03.14 kjem nestleiar i ØIL-fotball Terje Melstveit med følgjande kommentar til innkome idrettsskulesak (sitat):

*Det er sannsynligvis best å organisere dette saman, men når fotballgruppa no er bedt om å utvide tilbodet, bør hovedlaget vere med etter mitt syn. Som eit minimum ha ein funksjon i styret som fylgjer opp tiltaket.*

*Hovedlaget står jo i siste instans økonomisk ansvarleg, og budsjettet KUN på FFO/idrettsskule kjem nok opp i 7-800 tusen ved ei utviding. (I tillegg til ØF budsjett på vel 1,1 million.)*

*Etter vedtektene skal jo styret i hovedlaget bestemme ansettinger og inngå avtalar.*

*Ein idrettsskule med fokus på bevegelse og friluftsliv bør jo og vere i kjerneområdet for kva idrettslaget bør stelle med. Om hovedlaget ikkje vil engasjere seg i idrettsskule, bed eg om at styret/årsmøtet tar stilling til ei utviding hjå Øystese Fotball.*

### Styrehandsaming og vurdering

Å etablere/drifte eit idrettsskuletilbod som eit SFO tilbod i hovudlagregi vil vere serdeles utfordrande. Erfaringar hausta gjennom Hardanger talentutvikling tilseier at for å gje eit forsvarleg idrettsskuletilbod, må det engasjerast kompetente personar med naudsynt idrettsfagleg og pedagogisk bakgrunn. Det er vanskeleg å sjå at deltidstillingar i ein liten stillingsprosent ( 2 timar kvar dag etter skuletid) vil tiltrekke personar med slik kompetanse.

### Årsmøtediskusjon

Det er skepsis til å starte opp eit nytt idrettsskuletilbod samtidig som ØIL avviklar Hardager talentutvikling etter opparbeiding av eit relativt stort underskot.

### **Vedtak:**

Einstemmig vedtak:

Årsmøtet i ØIL er positive til å styrka aktivitetstilbodet innan idrett for barn 1.-4. klasse, men vil at eit idrettsskuletilbod i så fall må organiserast og drivast av eit allereie fungerande FFO-/ TelenorXtra- apparat.

To timar aktivitet på dagtid, der både det idrettsfaglege og pedagogiske skal inngå for å ha eit tilfredsstillande tilbod, kan vanskeleg organiserast/drifast av ØIL-hovudlag lausriven frå fotballgruppa sitt FFO-tilbod.

Styret ser det som beste løysing at etablering av eit idrettsskuletilbod må skje som del av pågåande FFO-tilbod, kanskje i samarbeid med SFO ved Øystese Barneskule.

Ut frå rønyslene med Hardanger talentutvikling kan ikkje ØIL vedta eit nytt SFO-tilbod før leiarstruktur – økonomi er klarlagt. ØIL er positiv til å arbeide vidare med ideen.

### **Sak 7. Fastsetting av medlemskontingent**

Medlemskontingenten i ØIL har stått uendra dei siste 6-7 åra.

Det har over tid vore store utfordringar knytt til rekruttering styrerepresentantar i ØIL. Gjeld både hovudstyret og gruppe styre. Som eit tiltak har tidlegare ØIL-årsmøte vedteke redusert medlemskontingent for dei som er representert i hovudstyret eller gruppe styre.

ØIL-fotballgruppa har auka treningsavgifta dei siste åra for å kunne finansiere eit godt sportsleg tilbod for alle innan fotballen.

- (1) Sett i lys av treningsavgiftsauken rår styret i ØIL derfor til at medlemskontingenten står uendra.
- (2) Det vart fremja forslag på årsmøte om generell auke av kontingent for samtlege grupper med + kr 50,-.
- (3) Roger Vassnes fremja forslag om rabattert kontingent for seniorar som spela på 3. divisjonslaget – stor kr. 100,-. Mange av 3. divisjonsspelarane har lita lokal forankring og manglar ”tilhøyricheit” til ØIL. Å tilby rabattert medlemskontingent vil lette inndrivning av medlemskontingenten.

#### **Vedtak knytt til (2) – generell auke av medlemskontingent med + kr 50,-:**

Forslaget fall med følgjande stemmegjeving: 1 ja-stemme og resten nei-stemmer

#### **Vedtak knytt til (3) – rabattert medlemskontingent for 3. div.spelarar, stor kr 100,-**

Forslaget fall med følgjande stemmegjeving: 0 ja-stemmer og einstemmig nei

#### **Vedtak knytt til (1) – uendra medlemskontingent:**

Einstemmig vedtak med unntak av 1 nei-stemme: ØIL- medlemskontingent for 2014 vert som for 2013.

- Familie	kr	500,-
- Aktiv vaksen	kr	300,-
- Barn	kr	200,-
- Støttemedlem	kr	100,-
- Styrerepresentantar og gruppeleiarar, inkl. ubetalt dagleg leiar i fotballen	kr	100,- (inkl. familie)

### **Sak 8. Orienteringssaker**

#### **8.1 Avvikling av Hardanger talentutvikling AS (HT)**

Leiar i avviklingsstyret Vidar Torsvik orienterte. Avviklinga tek tid då det er visse prosedyrar som skal følgjast. Den formelle avviklinga vil skje no i 2014. Uteståande fordringar på kr 96 414 er gjort opp og synleggjort i ØIL-rekneskapet for 2013.

#### **8.2 ØIL-støtte til Hardangerbadet**

Leiar i ØIL orienterte om intensjonsavtalen mellom ØIL og Hardangerbadet AS. Idrettslaget

som samfunnsaktør ynskje å bidra positivt til at Hardangerbadet vert realisert. Laget har gjennom intensjonsavtalen lova å bidra med dugnadsinnsats i drifta, ved realisering av anlegget. I tillegg skal laget ved anleggsstart starte arbeidet med å etablere ein symjeklubb/-gruppe.

### 8.3 Status politiattestar

Rune Vik som politiattestansvarleg i ØIL opplyser at laget var tilnærma à jour med politiattestregistreringa pr. 31.12.2013. Det er etablert eit register, der 63 personar som har ansvar innan barne og ungdomsidretten er registrert. Registeret inneheld for utan namn, vedtaksdato frå politi - dato for ØIL-kontroll – kontroll OK/sign. ØIL-kontrollør.

Politiattestarbeidet vert vidareført i 2014. Alle nye personar som vert engasjert innan barne-/ungdomsidretten skal levere politiattest.

## Sak 9. Val av ØIL-styre for 2013

Valnemnda la fram forslag til hovudstyre for 2013. Skryt til valnemnda for godt utført jobb.

### Vedtak:

Følgjande styre vart einstemmig valt:

<b>Leiar:</b>	<b>Vidar Torsvik</b>	<b>(1 år)</b>
<b>Nestleiar:</b>	<b>Kjerstin Valland</b>	<b>(1 år) – ikkje på val</b>
<b>Kasserar:</b>	<b>Kari Mostad</b>	<b>(2 år)</b>
<b>Skrivar:</b>	<b>Rune Vik</b>	<b>(2 år)</b>
<b>Styremedlemmer:</b>	<b>Liv Helen Osa</b>	<b>(2 år)</b>
	<b>Frank Kjøsnes</b>	<b>(2 år)</b>
	<b>Toril Honningsvåg Vik</b>	<b>(1 år) – ikkje på val</b>
<b>1. vara:</b>	<b>Åshild Bekkesletten</b>	<b>(1 år) – ikkje på val</b>
<b>Valnemnd (3 + vara):</b>	<b>Janne Bjørkvall</b>	<b>(1 år)</b>
	<b>Svein Hovland</b>	<b>(1 år)</b>
		<b>(2 år)</b>
	<b>(vara)</b>	<b>(2 år)</b>

**MERK ! ØIL-styret for 2014 får mandat til å peike ut dei 2 siste i valnemnda.**

### Revisor (2 frå eigen medlemsmasse):

<b>Magnar Dalatun</b>	<b>(2 år)</b>
<b>Terje Mo</b>	<b>(2 år)</b>

**Gruppleiarar (ikkje valt av årsmøtet):**

**Boccia/teppesliding Lillian Kvamsøy**

**Fotball**

**Friidrett / trim Leiv Sandven**

**Turn Åshild Bekkesletten**

**Orientering Olav Kreken**

**Hopp**

**Alpin**

**Vektløfting**

**ØIL- styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):**

**Magnar Dalatun ( 2 år )**

**Karin Vik ( 1 år ) – ikkje på val**

**Ref.**

**Rune Vik**

 (sign)

**LIV HELEN OSA**

 (sign)

**FRANK KJØSNES**

